



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

FNF-Sogn og Fjordane
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
NJFF Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane turlag

Leikanger 20.11.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljødirektoratet (kopi)

Klage på vedtak i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om løyve til å byggje turisthytte på Sunndalssetra i Stryn

FNF-Sogn og Fjordane og fleire medlemsorganisasjonar klagar med dette på vedtak i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 31.10.2016 om å tillate bygging av ei ny turisthytte på Sunndalssetra i Stryn.

Referat av vedtaket

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok 31.10.2016 å gje DNT Oslo og omegn løyve til å byggje ei ny turisthytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra i Stryn. Vedtaket er gjort, meiner nasjonalparkstyret, med heimel i verneføresegna kapittel IV, punkt 1.3. 1. leden. Nasjonalparkstyret meiner det er eit særleg grunn, ut frå føresegna, at ei ny hytte vil ”styrke ålmenta si tilgong til området”. Dei meiner ei hytte er med på å fremje føremålet med vernet. Styret meiner òg at det er ein særleg grunn (til å gje løyve) at det tidlegare var ein overnattingsplass for ålmenta på setra. Styret vurderer det som lite sannsynleg at ei enkel overnattingshytte på Sunndalssetra vil føre til auka ferdsle inn i villreinområda.

Heile vedtaket står i vedlegg 1.

Tilrådinga frå nasjonalparkforvaltaren

Innstillinga frå forvaltaren var å avslå søknaden. Grunngevinga er verneføresegna kapittel IV, punkt 1.3. 1. leden. Forvaltaren fann ikkje at DNT Oslo og omegn har særleg grunn til å få dispensasjon frå verneføresegna. Grunngevinga var vidare at ei ny hytte på Sunndalssetra kan føre til uheldige konsekvensar for villreinen i Ottadalen villreinområde. Tiltaket kan også skape uheldig presedens, står det i innstillinga.

Forvaltaren hadde laga ei fyldig saksutgreiing til styret, og vi viser til den, vedlegg 2.

Vårt grunnlag for å klage

Medan nasjonalparkforvaltaren i verneføresegna, kap. IV, punkt 1.3. 1. leden, ikkje finn grunnlag for å gje løyve, er oppfatninga den motsette i nasjonalparkstyret. Som grunngeving for det, viser dei altså til som ein særleg grunn at ei ny hytte styrkjer tilgangen for ålmenta til området.

Etter vår oppfatning kan eit ønskje frå DNT om ei hytte på Sunndalssetra ikkje vere ein særskild grunn til dispensasjon frå verneføresegna. Utgangspunktet er (verneføresegna punkt 1.1.) at landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar. Etter punkt 1.2. er hovudreglane likevel ikkje i vegen for å halde ved like bygningar og anlegg, i tråd med byggeskikken på staden, men det er ikkje opna for å endre dei, byggje om eller utvide dei.

I vilkåret om særlege grunnar i pkt. 1.3. ligg det etter vår oppfatning at vanlege ønskje frå DNT om å utvide sitt nett av stiar og hytter ikkje kan vere ein særleg grunn. I saka er det ikkje lagt fram opplysningar som tilseier at det er særskilt viktig for DNT å få byggje ei hytte i Sunndalen.

Det kan heller ikkje falle inn under særskilde grunnar at, som styret har vist til i sitt vedtak, ei ny hytte vil styrke tilgangen for ålmenta til området. Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er å verne området (kap. III) og ”å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging”. Tiltaket for friluftslivet er å ta vare på verdien som området har utan inngrep, å gje høve til å oppleve naturen i uforstyrra tilstand. Det som har prioritet, er det enkle friluftslivet som stort sett ikkje treng teknisk tilrettelegging. Ei ny hytte må etter vår oppfatning vere å sjå på som teknisk tilrettelegging. Hovudregelen i pkt. 1.1. understrekar ved forbodet mot nye bygningar, stiar,

bruer og klopper understrekar at det er i strid med reglane å gjere inngrep for aktivt å auke talet på personar som er på tur i nasjonalparken.

Vi meiner styret ikkje har grunnlag i vernereglane for å hevde at den hytta som tidlegare var open for ålmenta, er ein særleg grunn til å gje løyve til å byggje ei ny. At denne hytta ikkje lenger er tilgjengeleg for alle, er ikkje ein konsekvens av at landskapet vart ein del av nasjonalparken, men av at eigaren har stengt hytta.

For dispensasjon frå vernevedtak gjeld § 48 i naturmangfaldlova (nml). Inge Lorange Backer hevdar i *Naturmangfoldloven, kommentarutgave*, (Universitetsforlaget 2010) s. 408 at § 48 gjeld alle dispensasjonssaker etter at nml vart gjeldande i 2009. § 48 har to vilkår for å gje dispensasjon. Det eine er at dispensasjonen ikkje strid mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Det andre er at tryggingssyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer dispensasjon turvande (nødvendig er ordet i lovteksten). Ein dispensasjon må ha dekning i begge vilkåra, skriv Backer på side 408.

At det strir mot føremålet med vernet, meiner vi går fram av kapittel III og IV (om kva som er lov å gjere) i vernereglane. Spørsmålet om kor vidt hytta påverkar verneverdiane meir konkret, kjem vi attende til nedanfor; det gjeld særleg villreinen. Tryggingssyn kan ikkje tale med tyngde for ei ny hytte på Sunndalssetra, og det er heller ikkje brukt som argument for vedtaket i nasjonalparkstyret. Dersom vesentlege samfunnsinteresser skulle vere ein grunn til dispensasjon, måtte dei vere av meir allmenn tyngde enn ei hytte for frivillige vandrarar. Backer nemner, side , at ein grunn til dispensasjon i eit naturreservat kunne vere for å gje rom til ei viktig kraftline, så sant det ikkje finst alternative trasear utanfor.

På dette grunnlaget meiner vi at både vernereglane for Jostedalsbreen nasjonalpark og § 48 i nml står i vegen for å gje løyve til ei ny turisthytte på Sunndalssetra.

Så kjem spørsmålet om kor vidt hytta vil påverke verneverdiane meir konkret. Spørsmålet gjeld i første rekkje konsekvensane for villreinen. Det går fram av saksutgreiinga at aust for Kamperhamrane har villreinen i området både beite og trekkvegar. Leveområdet strekkjer seg også inn i Jostedalsbreen nasjonalpark. DNT har fått løyve til å merke ei rute frå Sunndalssetra over Kamperhamrane og ned gjennom Rauddalen. Det var usikkert i kva grad stien vil gje auka ferdsel, og vedtaket opnar for å trekkje løyvet attende dersom dei negative verknadene på villreinen vert større.

Saksutgreiinga (vedlegg 2) fortel at dalføret vest for Raudalsvatnet er svært viktig for villreinen. Styret i Skjåk allmenning skriv:

Det er godt kjent at området vest for Raudalsvatnet er viktig for villreinstamma som held til her. Denne delen av villreinområdet, også kalla Skjåk sør-vest, er det minste og mest sårbare av områda i Reinheimen-Breheimen Villreinområde – eit avgrensa område med lita stamme, sparsommelege vinterbeite og med Raudalen som «deler» området meir eller mindre i to. Området vest for Raudalsvatnet fungerer som trekkpassasje mellom dei sørlege og nordlege delane av området og Raudalen blir mykje brukt til beite, særleg om sommaren og hausten. Dalbotn der råket går er relativt smal og bratt på bae sider, og reinen har lett for å bruke dalbotn både under trekk og beiting.

Skjåk allmenning, Breheimen-Reinheimen villreinnemnd, Breheimen-Reinheimen villreinutval og Breheimen nasjonalparkstyre er alle negative til hytteplanen på Sunndalssetra. Nasjonalparkstyret og villreinorganisasjonane var skeptiske til å merke opp att stien mellom Nedre Leirvatn og Sunndalssetra, men godtok planen med eit tillegg om at merkinga kan bli avvikla etter ei evaluering i 2019, og at det ikkje skulle komme nye stader å overnatte langs ruta.

Opplysningane om at Leirdalen er viktig for reinen verkar truverdige, og etter vår oppfatning må omsyn til villreinen vege tungt i saka. Villrein er for Noreg ein ansvarsart med tronge kår i våre fjell, etter mange år med innsnevringar av trekkvegane. Spørsmålet er om den nymerka ruta og ei ny turisthytte vil skape større ferdsel gjennom eit dalføre som langt på veg enno er ein fristad for reinen.

Oslo og omegn turistforening har planane klare for å legge om ruter i Breheimen og å byggje ny hytte mellom Sota og Nørdstedalssetra. Dei viser til at samfunnet ønskjer meir friluftsliv, og at meir av det må komme i verna område. Dette kan ikkje vere avgjerande. Også DNT må innrette ser etter dei grensene naturen set for menneskeleg aktivitet. Det har også kome fram, mellom anna gjennom lesarinnlegg i Fjell og Vidde, at ein del fjellvandrarar ønskjer å gå der lite er lagt til rette og få ferdast. Delar av Breheimen har kvalitetar for slike opplevingar, og det er i tråd med vernereglane å ta vare på dei. Vi kjenner ikkje til at kapasiteten av merka ruter og hytter i Breheimen er utnytta i stor grad.

Vi finn det merkeleg dersom DNT vil byggje ei hytte med 12 sengeplassar på Sunndalssetra utan å rekne med eller arbeide for at trafikken går opp. Vi ser det som opplagt at dette vil auke presset på ein liten villreinstamme i eit frå før trengt leveområde for ein

nomadisk art. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har òg sett at omsyn til villreinen kan vere ein grunn til å seie nei. Dei vurderer det som lite sannsynleg at ei ny hytte vil drive opp ferdsla i villreinområda, men har ikkje gjort bruk av argument som støttar denne hypotesen.

Ut frå dette meiner vi at omsynet til villreinen i Breheimen-Reinheimen er eit tilleggsargument mot ei ny turisthytte på Sunndalssetra. Dette er i seg sjølv relevant for byggjespørsmålet, også fordi den nordaustre delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er ein del av arealet reinen nyttar.

Konklusjon:

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og Norges Jeger- og fiskerforbund Sogn og Fjordane meiner at både vernereglane for Jostedalsbreen nasjonalpark og § 48 i nml står i veggen for å gje løyve til ei ny turisthytte på Sunndalssetra.

I tillegg meiner vi at omsynet til villreinen i Breheimen-Reinheimen er eit tilleggsargument mot ei ny turisthytte på Sunndalssetra. Dette er i seg sjølv relevant for byggjespørsmålet, også fordi den nordaustre delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er ein del av arealet reinen nyttar.

Vi bed difor om at vedtaket i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 31.10.2016 vert oppheva.

Med helsing

Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane

Geir Haukås, viltansvarleg

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar

Erik Solheim, fagleg rådgjevar

Sogn og Fjordane Turlag

Marino Jan Ask, leiar

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle

koordinator

Sogn og Fjordane Turlag

